

2012

Jæren vannområde
Frivillige tiltak i
landbruket

Olaf Gjedrem og Olav
Husveg

Januar 2013



For reinare vassdrag på Jæren



ÅRSMELDING FOR "FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET"

Eit prosjekt under Jæren vannområde i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune og kommunane; Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg.

Innhold

Bakgrunn	3
Prosjektet forlenga i 3 nye år	3
Vassforskrifta	3
Organisering	3
Økonomi	4
Aktivitetar i prosjektet.....	5
Skas heigre miljøavtaler	5
Studietur	6
Miljøvennleg gjødselspreiing	7
PUNKTUTSLEPP	7
Ugjødsla randsoner	8
PELSDYR.....	8
REINSEPARKAR.....	8
SPESIELLE VATN –SELDALSVATN, HÅLANDSVATN OG LIMAVATNET	8
VASSPEST BJOVATN.....	9
BEKKELAG	9
BIOGASS.....	9
GJØDSELFORSKRIFTA	10
SAMARBEID MED Avløpsgruppa, MILJØ- OG LANDBRUKSAVDELINGA hjå fylkesmannen	10
Turvegar	11
TURVEg SOLA	11
TURVEg KLEPP	11
Turveg Sandnes	11
Resultat	12
Redusert gjødsling med mineralgjødsel.....	12
Media og slikt	15

BAKGRUNN

PROSJEKTET FORLENGA I 3 NYE ÅR

Våren 2010 vedtok partane bak prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket" å forlenga prosjektperioden med 3 år, frå 1. mai 2010. Bak prosjektet står framleis dei 8 kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg. I tillegg er fylkesmannen si landbruksavdeling og fylkeskommunen med. Det visast til oppsummeringsrapport for 2004 -2010.

Me er glade for at det er etablert eit godt samarbeid med bondeorganisasjonane, fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøavdeling, fylkeskommunen, alle deltakarkommunane med sine landbruksavdelingar og landbruksrådgjevinga på Jæren.

VASSFORSKRIFTA

Regjeringa har nå innført vassforskrift etter mønster av EU sitt vassdirektiv. Vassforskrifta gir pålegg om at det skal utarbeidast eigne planar for alle vassdrag, med tilstandsrapport og grunna tidfesta tiltak som skal bidra til å nå vasskvalitetsmål for dei ulike vassdraga før 2020. Figgjovassdraget er pilotvassdraget som alt er godt i gang med desse prosessane. Dette arbeidet passar utmerka godt saman med vårt arbeid og me er glade for at kommunane på brei front vert involverte i dette viktige arbeidet.

ORGANISERING

Prosjektet er eit prosjekt under Jæren vannområde. Det er valt ei styringsgruppe med representantar frå oppdragsgjevarane. I 2012 har samansetninga av gruppa vore slik:

Anfinn Rosnes, Fylkesmannen i Rogaland (leiar)
Ragnvald Gramstad, Norsk landbruksrådgiving Rogaland
Sonja Herikstad Skårland, Rogaland bondelag
Gudrun Kristensen, Gjesdal kommune
Arve Fløysvik, Sandnes kommune
Monica Dahlmo, Fylkesmannen i Rogaland
Jon Lund, leiar i vannområde Jæren

Styringsgruppa har hatt 2 møter i 2012.

ØKONOMI

Rogaland Landbruksselskap er prosjektorganisasjon og rekneskapet blir ført av Wenche Knudsen. Tabellen under syner økonomien for 2012. Overskott i prosjektet skuldast i hovudsak innbetaling frå Sola kommune og Klepp kommune til arbeid med turvegar. Time kommune og Hå kommune bidrar med gratis kontorpass til prosjektleiarane, og det sett me stor pris på.

Signal frå styringsgruppa har vore at inntektene frå turvegane skal brukast til å forlengje prosjektet.

	Budsjett	Regnskap
Administrative utgifter inkl lønn (2 prosjektleiarar i 80 % stilling).	-970 000	-966 562
Utgifter til møter/arrangement	-70 000	-28 784
Studietur Haldenvassdraget/Morsa	0	-6 197
Støtte innbetalt av kommunane	540 000	540 000
Støtte innbetalt av Rogaland fylkeskommune	250 000	250 000
Støtte innbetalt av Fylkesmannen (Info-midlar)	250 000	255 580
Klepp kommune, restbeløp tursti	225 000	225 000
Balanse 2012	225 000	269 037
Eige per 1.1.2012		660 004
Eige per 31.12.2012		929 041

AKTIVITETAR I PROSJEKTET

SKAS HEIGRE MILJØAVTALER

Skas Heigre er ein del av Figgjovassdraget og nedslagsfeltet ligg i kommunane Sandnes, Klepp og Time. Det er eit kunstig drenert område der Skasvatnet låg tidligare. Området er etter vassdirektivet definert som ein sterkt modifisert vassførekomst med mål om "godt økologisk potensiale" i staden for god økologisk vasstilstand.

Miljøavtalane er eit viktig samarbeidsprosjekt mellom miljø og landbruk i Skas Heigre i Sandnes, Klepp og Sola. Det vart starta i 2010 som ei treårig satsing. I 2012 vart det vedtatt å forlengje satsinga med halverte tilskotssatsar. Bøndene har inngått avtale med landbruksforvaltninga om gjødsling, ugjødsla randsoner og gjødselprøvetaking. Underteikna avtale gir rett til å søkje om tilskot frå Regionalt miljøprogram. Søknad om RMP viser at 70 bønder har søkt tilskott for til saman 20 097 daa fulldyrka og 1 944 daa beite i 2012. I nedbørsfeltet til Skas Heigre er det totalt ca 24 000 daa jordbruksareal. Erfaringane til nå er gode. Det er betydeleg reduksjon i fosfortilførslane frå jordbruket samanlikna med vanlig gjødslingspraksis frå før 2010.



Omtale i Stavanger Aftenblad om flom i Skas Heigre

Prøvar av vasskvaliteten for 2012 viser auke i fosformålingane i forhold til 2011. Gjennomsnittet for 2011 var det lågaste som var målt.

Auke i målingane kan delvis skuldast at 4000 dekar jordbruksjord vart oversvømt vinteren 2011/12. Oversvømminga av areala var skulda stans i pumpene

Me har hatt ansvar for oppfølging av den enkelte bonde, og hjelper kommunane i sin innsamling og oppfølging av miljøbøndene sine

søknader om RMP- tilskot. Kommunane og Fylkesmannen har fått inn og registrert gjødseljournalar frå alle søkjarane. Journalane er samanstillt og oversendt Bioforsk Jord og Miljø. Skas Heigre er JOVA- felt, det vil seie eit felt kor ein ser på korleis landbruket påverkar vasskvaliteten, og Bioforsk skal bruke tala som dokumentasjon på gjødslingspraksis i området. Resultat frå gjødselprøvetakinga er også oversendt Bioforsk Jord og Miljø. I 2011 ble Skas Heigre føreslått tatt ut av JOVA- programmet. Årsaka var at Bioforsk fekk mindre

statlege midlar til programmet. Det vart av Fylkesmannen teke initiativ for å finne regional finansiering både i 2011 og 2012.



Foto: Svein Skøien. Diskusjon av kantsoner mot vassdrag.

STUDIETUR

Saman med Fylkesmannen arrangerte me studietur til Haldenvassdraget og Morsa 29. 30. august. Primært vart kommunane og styringsgruppa invitert med. Interesse frå kommunane var liten. Aksjon Vatsvassdrag og to tilsette hos Fylkesmannen i Nord-Trøndelag vart inviterte til å delta. 11 personar vart godt mottekne av prosjektleiarane for Haldenvassdraget og Morsa, og fekk innsyn deira problemstillingar og arbeid. Godt ver var det også. Vedlagt ligg rapport frå Ragnvald Gramstad, Norsk landbruksrådgiving som deltok på turen.

MILJØVENNLEG GJØDSELSPREIING

Pilotprosjektet miljøvennleg gjødselspreiing vert ført vidare med stadig aukande deltaking og tilslutning. Ordninga går ut på at bønder i utvalde område får ekstra tilskot for å spreie gjødsla på ein meir miljøvennleg måte, det vil seie med å anten molde den ned innan 2 timar, eller bruke utstyr som feller ned eller legger husdyrgjødsla direkte på bakken. I 2012 søkte til saman 241 bønder om støtte til 55 897 daa for å bruke desse metodane. Også bønder utafor tilskotssonene har teke opp spreingsteknikkane i si drift. Ein reknar med at om lag 25 % av gjødselhandteringa på Jæren skjer innafor dette regelverket. Stadig fleire tek opp deler av dette, t.d. å få gjødsla ut tidleg i vekstsesongen. I 2012 vart det vedteke at ordninga frå 2013 skal vere ein del av Regionalt miljøprogram. Rogaland fekk 8 millionar kroner ekstra til miljøprogrammet til ordninga. Me informerar om ordninga på dei møta som me held, og svarar også på ein del spørsmål frå bøndene om korleis ordninga fungerer.



Foto: Monica Dahlmo

PUNKTUTSLEPP

Prosjektleiarane får av og til melding frå kommunar eller bønder om registrerte punktutslepp. Ein viktig del av vårt arbeid er å fylja dette opp så raskt som muleg og finna ut kva som er skjedd og bidra til at det ikkje skjer att. Spesielt etter gjødselspreiing- og haustings-periodar tek prosjektleiarane turar for å sjå om det er avrenning av gjødsel eller silosaft til vassdraga. Om den enkelte bonden har gjentekne utslepp, vert det reagert frå kommunen som er ureiningsmynde. Bekkelaga er flinke til å fylja dette opp. I 2012 har me følgt opp om lag 10 ulike punktutslipp. Nokre av utslippa har krevd mykje oppfølging.

UGJØDSLARANDSONER

Ugjødsla randsoner kjem fram som eit kostnadseffektivt tiltak for å minske avrenning frå jordbruket. Det vert gitt tilskott i Regionalt miljøprogram på randsoner på dyrka areal mot utvalde vassdrag. Bioforsk Jord og miljø er no engasjert av Jæren vannområde for å forske på effekten. Dei vil mellom anna samanlikne fosforstatus i jorda i sjølve randsona med fosforstatusen på jorda innføre.

PELSDYR

I Rogaland er det gjort oppgraderingar av eldre anlegg, og etter det me kjenner til følgjer no alle forskriftene knytt til gjødselhandtering.

REINSEPARAKAR

Det etablerast framleis mange reinseparkar på Jæren. Etter at prosjektleiarane besøkte alle reinseparkar i Klepp og Time, samt dei fleste i Hå, er det sett i gang vedlikehaldsarbeid og tømning av sedimentar som jordforbetningsmiddel. Det er i 2012 ikkje blitt arbeidd spesielt med reinseparkar, men Arne Lyshol og Geir Undheim har laga ny brosjyre. Vidar Ausen i Time kommune har teke initiativ for å lage kursopplegg for entreprenørar, og me vil hjelpe han med arbeidet.



Brunt gørr i Hålandsvatnet

- Dette bør kommunen rykke ut på umiddelbart, fastslår Erik Thoring, leder i Naturvernforbundet i Rogaland, som kaller Hålandsvatnet et glemt vatn.



Oppslag i Stavanger Aftenblad 5. august 2012

SPESEILLE VATN – SELDALSVATN, HÅLANDSVATN OG LIMAVATNET

På grunn av algevekst i desse vatna, har me ei aktiv oppfølging av dei. Me tek turar for å sjå om dei ser normale ut, og oppserverer innløpsbekker. Seldalsvatnet er merkbart betre utan algeoppblomstring. Det var ikkje nemneverdig algevekst i Limavatnet i 2012. Hålandsvatnet har hatt kraftig algeoppblomstring. Vi har vore på synfaring 3-4 gonger, og har hatt møte med kommunane.

VASSPEST BJOVATN

Det er sett i gang tiltak for å nedkjempe den smale vasspesten i Bjovatn, med tilskot frå Miljøverndepartementet. Blant anna vart vasspestplantane slått med slåmaskin seinhaustes i 2011. Det vart lagt opp til forsøksfelt: eit felt i vatnet skulle slåast 2 gonger, eit felt skal slåast ein gong og eit område skal ikkje slåast. Så ville ein sjå kva effekt desse opplegga ville ha. I 2012 har me ikkje sett vasspest i Bjovatn. Olav Magne Tonstad har mellom anna blitt rodd rundt av Olav R. Husveg, og det var ikkje spor å sjå etter vasspesten. 2013 er førebels siste forsøksår.

BEKKELAG

Kvart år har me hatt samlingar i om lag 30 av dei 44 bekkelaga. Tema på samlingane er t.d. pilotprosjekt, vassforskrifta og gjødsselforskrifta. I underkant av 50 % av bøndene bruker å kome på møta. Einskilde bekkelag er aktive og arrangerar eigne møte. Målet er at dei bli sjølvgåande. Bekkelaga er nyttige for å danna ei felles haldning mot forureining og dei vil vere viktige i ein prosess med gjennomføring av tiltak etter vassforskrifta. På eit par av samlingane har praktisk botndyrundersøking vorte gjennomført.

Kommune	Tal bekkelag	Møte i 2011	Møte i 2012
Gjesdal	5	3	3
Time	7	5	5
Klepp	7	3	4
Hå	13	7	9
Sola	3	2	2
Randaberg	2	1	1
Stavanger	1	0	1
Sandnes	6	7	5

BIOGASS

Me har ikkje arbeidd særskilt med Biogass – satsinga i 2012. Det er forventa at biogassproduksjon kan verta ein verdifull medspelar for landbruket. Fleire biogassanlegg er planlagt, men utfordringa er et det førebels ikkje er tilstrekkelig økonomi i gardsbaserte anlegg. Fram til dei økonomiske rammene er på plass vil me avvente arbeidet med biogass.

GJØDSELFORSKRIFTA

Landbruks- og matdepartementet har lenge varsla at dei vil senda ut eit framlegg til justert gjødsselforskrift. Framlegget er ennå ikkje sendt ut. Klima- og forurensingsdirektoratet var 22. -23. oktober på studietur til Rogaland for å lære meir om problemstillingane knytt til vassdirektivet og jordbruket. I samarbeid med Time kommune og Hå kommune lagde me til eit opplegg med synfaring og fagleg informasjon.

AKSJON VATSVASSDRAG

Prosjektleiarane har i tråd med føringar frå styringsgruppa hatt nær kontakt med ein aksjon som er under etablering i Vindafjord kommune "Aksjon Vatsvassdrag". Dei 2 vatna, Landavatnet og Vatsvatnet er forureina slik at det nærast kvart år vert alger i vatna. Mykje av avrenninga i dette området kjem frå landbruket.

Me var i 2012 med på informasjonsmøte for bøndene i nedslagsfeltet. I 2011 var ei aksjonsgruppe på besøk på Jæren ein dag der me fortalde og synte kva som er skjedd her for å betra vasskvaliteten. Me var og på synfaring og såg på 8 aktuelle reinseparkar i deira nedslagsfelt, og snakka med bøndene der. Om kvelden møtte bortimot 30 av dei 50 bøndene som driv i dette intensive og flotte landbruksområdet. Me er glad for at styringsgruppa for RMP vil gje dei sjansen til stimuleringsmidlar for 2012 slik at dei kan lukkast i å ta eit felles stort løft for å betra ein situasjon som ikkje er berekraftig.

SAMARBEID MED AVLØPSGRUPPA, MILJØ- OG LANDBRUKSAVDELINGA HJÅ FYLKESMANNEN

Me er svært glade for at avløpsgruppa er etablert og at me i fellesskap kan utfylla kvarandre og oppnå betydeleg betre resultat. Spesielt vil me framheva arbeidet for å få nokolunde felles reglar for kloakk tilkopling i kommunane. Slik at reglane er kjende og bøndene kjenner seg trygge. Det samla forureiningsførebyggjande arbeidet får dermed ein nødvendig breidde og kan i større grad lukkast.

TURVEGAR

TURVEG SOLA



Foto: Nono Dimby. Glade prosjektleiarar feirar godt tursti-resultat .

Sola kommune ba om at prosjektleiarane kunne leggja grunnlaget for ein turvei mellom Hellestø og Sele. Arbeidet er nå avslutta og kommunen har dermed fått det grunnlaget dei ynskte for å kunna prioritera bygging av denne viktige turveien på 2,2 km i grensa mellom landbruk og verna friområde. Me vil takka alle partane for godt samarbeid. Me hadde presentasjon av planane med presse i februar som vart godt dekkja.

TURVEG KLEPP

Klepp kommune er og interessert i å få etablert ein tilsvarande turvei langs Figgjoelva frå Orstad til Bore bru. Prosjektleiinga godkjende at prosjektleiarane skulle prøva å få til ei avklaring om trase og leigeavtaler med grunneigarane. For dette arbeidet får prosjektet tilført 550 000 kr og det starta opp i september 2011. Arbeidet pågår endå ein periode ut i 2013. Me vil takka for eit godt samarbeid med Klepp kommune, spesielt administrasjonen.

TURVEG SANDNES

I 2010 vart me ferdige med å teikne avtalar med grunneigarar i Sandnes for å lage turstier i Sandnes. Dessverre har kommunen ennå ikkje satt i gang arbeidet med å etablere stiane. Me har i 2012 hatt møte med Sandnes kommune, og presentert kva mindre løysingar som kan gjerast for å kome i gang på kort sikt.

RESULTAT


INFORMASJON

Prosjektet går i hovudsak ut på informere bønder og grunneigarar om korleis næringsavrenninga frå jordbruket kan verte mindre. Me har hatt mykje kontakt med næringa gjennom ulike typar møte, synfaringar og besøk. I møta legg me vekt på å snakke om korleis bonden betre kan nytte husdyrgjødsel, og gjødsle etter balanseprinsippet. Me informerar om avbøtande tiltak som reinseparkar, ugjødsel randsoner og om tilskottsordningar som er å finne på miljøområdet. Det er vanskelig å måle kor i stor grad informasjonen har gitt endringar. Det vi veit er at salet av mineralgjødsel med fosfor har gått tydeleg ned. Bønder og landbruksrådgjevinga er oppteken av å bruke husdyrgjødsel best mogleg. Me meiner det er betydeleg meir fokus på miljø i jordbruket no enn før.

REDUSERT GJØDSLING MED MINERALGJØDSEL

Oversikt frå Statistisk sentralbyrå over korleis omsetninga av næringsstoff frå mineralgjødsel har utvikla seg. Tala er på landsbasis.

Figur 1. Indeks for omsetning av nitrogen (N) og fosfor (P) i mineralgjødsel. 1949/50-2010/11. 1949/50=100



UGJØDSLARANDSONER

Det har gjennom Regionalt miljøprogram, RMP, vorte søkt om støtte til 23,8 km fleire km ugjødsla randsoner ved grasmark i 2012 enn i 2010. Søknaden til ugjødsla randsoner i open åker har gått ned. Truleg skuldast dette nedgang i kornarealet.

Ugjødsla randsoner	Omsøkt RMP i 2010	Omsøkt RMP i 2011	Omsøkt RMP 2012	Endring 2010-2012
På grasmark (fulldyrka areal)	188 km	196,8 km	211,8km	+ 23,8 km
I open åker	12,2 km	14,7km	11,6 km	- 0,6 km

Randsonene minskar avrenninga frå jordbruket. Det er vanskeleg å måle effekt av randsonene, men i 2012 teikna Jæren vannområde avtale med Bioforsk jord og miljø for å få gjort ei evaluering av tiltaket.


MILJØAVTALAR I SKAS HEIGRE

Miljøavtalane legg føringar på kor mykje fosfor-gjødsel som kan tilførast i dei ulike vekstkulturane. Det er hovudsakleg grasproduksjon i området. Etter avtalen kan det brukast maksimalt 3 kg fosfor per dekar. Registrering av gjødseljournalar viser at gardbrukarane i snitt tilfører 2,7 kg P per daa. Dette er lågare enn vanlig gjødslingspraksis i området. Gjødslinga i Skas Heigre liggjer no 0,5 kg fosfor per dekar lågare enn normalen på eng. Med 20 000 dekar i miljøavtalene gir dette ein reduksjon på mellom 5-10 000 kg fosfor per år i nedbørsfeltet.

Prøvar av vasskvaliteten i Skas Heigre viser auke i gjennomsnittleg innhald av fosfor i 2012 i høve til 2011. Kor stor del av auken som skuldast oversvømming av jordbruksareala er usikkert.

Skas-Heigre kanalen

År	Total fosfor (µg/l)									Total nitrogen (mg/l)								
	04	05	06	07	08	09	10	11	12	04	05	06	07	08	09	10	11	12
Snitt	128	138	151	144	190	139	141	109	141	4,29	4,37	5,85	5,79	4,70	4,33	4,29	4,73	3,98
Max	254	326	283	200	430	389	310	294	297	6,44	7,36	10,8	8,99	6,73	5,39	7,60	7,82	5,20
Min	44	61	84	79	86	44	30	42	33	2,20	2,45	3,40	4,07	3,13	2,81	2,40	2,13	1,60
Median	121	121	135	134	150	107	100	95	130	4,31	4,16	5,38	5,65	4,66	4,49	4,10	4,67	4,00
Antall	26	25	26	26	26	26	25	26	23	26	25	26	26	26	26	25	26	23



FIGUR 1 FRÅ IRIS, ÅGE MOLVÆRSMYR, SOM SYNER UTVIKLINGA AV INNHALDET AV FOSFOR OG NITROGEN I VASSPRØVA SOM ER TATT I SKAS HEIGRE

MILJØVENLEG GJØDSELSPREIING

Det er auke i oppslutninga kring tilskotsordninga "miljøvenleg gjødselspreiing". Tabellen under syner at det er søkt tilskot til 24 683 fleire dekar i 2012 i høve til 2008.

Kommune	2008		2011		2012	
	Tal søkjarar	Areal i dekar	Tal søkjarar	Areal i daa	Tal søkjarar	Areal i daa
Time	55	10 701	56	14 725	53	14 820
Hå	46	11 717	57	13 361	56	15 265
Randaberg	1	250	1	366	1	436
Sola	6	1 536	14	4 901	16	5 206
Vindafjord	0		53	5 414	45	4 872
Stavanger	11	2 293	11	2 664	11	3 393
Gjesdal	0		14	1 421	10	1 441
Klepp			9		11	2 777
Sandnes	16	4 717	46	8 261	38	7 687
Sum totalt Rogaland	135	31 214	261	51 113	241	55 897

Eit utval..



Foto: Lene Fjeldheim, Gjesdalbuen. Olav R. husveg og Olaf Gjedrem får Gjesdal kommune sin vannpris av ordfører Olaug Bollestad.



Styringsgruppa på møte 26. februar 2012

Kan dette bli en ny Rallarveg?
 En ny avtale for Nordsjørutas mest omstridte «missing link-strekning» ble i dag presentert på Hellestø.

AV: Geir Sveen
 Publisert: 12 januar 2012 13:20 Oppdatert: 12 januar 2012 14:57

Alle grunneiere og Fylkesmannen i Rogaland er enig om hvordan det kan lages en nesten to kilometer lang og tre meter bred sykkel og gangvei fra den populære Hellestøstranden til grensen i Klepp.

Dermed faller en viktig bit på plass for den internasjonale Nordsjøruta på sykkel. Til nå har sykklene, når de kommer sør fra Borestranden, blitt skiltet ut på hovedveien og gått glipp av nærkontakten med både Sele havn, Feistein fyr og de mektlige sanddyneene.

LES OGSÅ

Dette kan du se langs Nordsjøruta
 Her er noen av kvalitetene som venter på ferien fra Einarstrand

... Det er en milepæl som er nådd i dag, fastsko Sola-

FAKTA

Ble anlagt i forrige århundreskifte i fjell av Bergensbanen.

Ble åpnet som sykkelveg sommeren 1998.

I de første årene ble den bare brukt i sommer, men ble landskjert på slutten av 1998 program og har i dag rundt 25 000 brukere.

Er 60 km lang, og går fra Haugastøl videregående skole gjennom 21 halmåsing i Filsm ved Sognefjorden, den siste delen av ruten til Voss.

Omtale I Stavanger Aftenblad 12. januar 2012

Bilete frå studietur til Morsa og Haldenvassdraget



Foto: Monica Dahlmo



Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavd.

Postboks 59
N-4001 STAVANGER

Att.:

Deres ref.:

Vår ref.:

18. september 2012

Kort oppsummering etter besøk i Haldenvassdraget og Morsa

Underteikna deltok den 29. og 30. august på ein studietur i lag med representantar frå fylkesmannen i Rogaland til Halden og Moss. Målet for turen var å få litt orientering om status for vasskvalitet, og ulike tiltak i landbruket for å begrensa ureining av vassdrag.

Haldenvassdraget

Finn Grimsrud var tilsett i Aurskog kommune som prosjektleiar. Han hadde arbeidd sidan 2008.

Haldenvassdraget omfatter 4 kommunar – vassdraget er 15 mil langt (9 mil elv og 6 mil med innsjøar). Om lag 190000 daa landbruksareal grenser til vassdraget.

Det var mellom anna 4000 boliger utan godkjent rensing og om lag 3500 hytter i området. I dag har ein fått på plass godkjent rensing for 1200 av desse boligane, og ein har som målsetjing å få alt på plass innan 2015. Det vert nytta minirensaneanlegg for kvar bolig, og dette har ein kostnad på ca kr. 100.000,- .30% av anlegga fungerer bra.

Det var størst problem med vasskvaliteten i øverste del av vassdraget (Bjørkelangen). Mykje grunne vatn øverst i vassdraget, men langt djupare vassdrag lengst nede. 85-90% kornareal og elles lite husdyrhald.

Sterkt fokus på fosfortilstanden i vassdraget. Det er mykje gammalt næringsrikt botnslam i innsjøane. Fosforinnhaldet i vassdraget låg på 40 mg/liter vatn.

Fokus på redusert jordarbeiding om hausten starta opp i 2001. Det er i dag ca 20% av kornarealet som haustkveite. Fosforgjødsla er redusert med ca 40%, og i praksis betyr dette ein reduksjon i fosforgjødsla på ca 200 tonn. P-AL i jord ligg i dag på mellom 10-11.

Om lag 5-6000 daa landbruksareal oversvømmes kvart år. Dette skaper problem med erosjon frå mellom anna opne grøfter og kanalkantar. Generelt fungerte ikkje samarbeidet i landbruksnæringa heilt bra i Akershus, men derimot var det betre i Østfold.

Prioriterte oppgaver inneverande år:

- Kartlegging av bekker og kanaler i områdene
- Samanstilling av landbruksdata frå 1960-2011. Meir husdyrhald før – husdyrfritt nå – meir jordarbeiding om hausten før – dette er sterkt redusert nå.
- Etablering av storskalsforsøk – avrenning etter ulike driftsforhold – haustpløying/vårpløying. Registrering av avrenning frå grøfter og overflateavrenning
- Fokus på bekkekanter – problem med utrasing og erosjon – bruk av kantvegetasjon. Kor stor er denne form for erosjon.
- Skjøtselplaner for sikring av bekkekanter
- Renseparker – det er lite bruk av renseparker – dette på grunn av kost/nytte. Meir kostnadseffektivt med graskledde kantsoner.

MORSA (Vannområdeutvalet for Vannsjø/Hobøl og Hølenvassdraga med kystområder)

Vi vart godt mottekne av prosjektleiar Helga Gunnarsdóttir.

Oppnådde resultat.

- * Ca 1700 kg fosfor er fjernet frå landbruksjorda i området.
- * Ca 35 tonn organisk materiale vert fjerna frå vassdraget i 2001, og sidan er det fjerna 25 tonn organisk materiale kvart år.
- * Det er ein klar forbetring av den økologiske tilstand for botndyr i vassdraga
- * Vel 2000 boliger er koblet til offentlege eller godkjente private avløp. 272 står att.
- * Fosforgjødslinga er redusert med 50% og ca 75% av fosforgjødslinga rundt vannsjø dei siste 3 åra.
- * Det er etablert 70 fangdammer
- * Haustpløyinga er redusert ned til at om lag 20% vert i dag haustpløygd mot tidlegare ca 70% av landbruksareala.
- * I Vannsjø har ein etter innsats av mange positive tiltak redusert tilførsel av P og organisk materiale. Det er likevel rester av mange gamle synder som under varme perioder om sommaren kan føra til algeoppblomstring.
- * Redusert P-gjødsling er kanskje det viktigaste tiltaket

Miljøkontrakter i landbruket.

Prosjektleiar Per Unum frå Våler kommune informerte litt frå hans arbeid med miljøkontrakter i områdene rundet Vannsjø.

Det var totalt 40 bruk i området og av desse sa 11 stk. nei til å vera med på miljøavtaler. Avtalene omfattet ca 73% av landbruksarealet.

Mykje likt opplegg som vårt Skas/Heigre-prosjekt.

Utarbeiding av miljøplan trinn 2, driftsjournal, gjødslingsplan etter bestemte kriteriar, og jordprøveresultat ikkje eldre enn 4 år.

Normtal for fosforgjødsling i dei ulike kulturane, og gardbrukarane fekk ein tilskotssats frå kr. 80,- opp til kr. 500,-/daa alt etter kultur. Tilskot til eng var lågast.

Fosforstatus i jord var retningsgivande for kva fosformengde ein kunne gjødsle med. Eks. ved P-AL 7 var det normgjødsling med fosfor, ved P-AL 7-10 vart normgjødslinga redusert med 50%, og ved P-AL over 10 vart normgjødslinga redusert til 0.

Dei opprinnelege kontraktane er nå ute, men er nå baka inn i RMP-ordninga.

Med vennlig hilsen

Norsk Landbruksrådgiving Rogaland

Ragnvald Gramstad
seniorrådgiver